

ARDANGERBRUA
w.hardangerbrua.no



Årsmelding 2015

Hardangerbrua As vart stifta 8.januar 1987 av kommunane: Bergen, Eidfjord, Granvin, Kvam, Ullensvang, Ulvik, Voss.

Selskapet sin føremålsparagraf:

«Føremålet til selskapet er å stå for bompengefinansiering/oppkrevjing til finansiering av Hardangerbrua og tilførselsveggar i samsvar med vedtak i Stortinget og avtale med Statens vegvesen.»

Hardangerbrua As vil bidra til:

- levande bygder i Indre Hardanger
- binde Hardanger saman
- betre tilhøva for trafikken aust-vest og nord-sør
- styrke banda mellom Bergen og Hardanger

Årsmøte

Ordinær generalforsamling vart halde i Løo i Granvin, den 19. mai 2015
Handsama vanlege årsmøtesaker som godkjenning av årsmelding og rekneskap.


Styremøter

Styret har hatt 6 ordinære møte, og handsama 47 saker i løpet av året.
Det er lagt opp til styremøte ein dryg månad etter kvar rekneskapsperiode, som er på to månader.


Styreleiing

Einar Lutro tok over som styreleiar etter omframt årsmøte 10.februar 2004. Og har med nemninga arbeidande styreleiar overteke funksjonen både til styreleiar og dageleg leiar. Det er inngått avtale om økonomisk kompensasjon mellom styret og Einar Lutro.

Kontor- og forretningsadresse er 5781 Lofthus i Ullensvang Herad.



Einar Lutro, styreleiar
Hordaland Fylkeskommune



Magnar Lussand, nestleiar
Hordaland Fylkeskommune



**Astrid Farestveit Selsvold,
styremedlem**
Hordaland Fylkeskommune



**Elisabeth E. Tharaldsen,
styremedlem**
Hordaland Fylkeskommune



Hans Edvard Seim, styremedlem
Bergen Kommune



**Gunn Berit Lunde Aarvik,
styremedlem**
Voss Kommune



Solfrid Borge, styremedlem
Ullensvang Herad

Personlege varamedlemmer:

Frå fylkeskommune:

Sverre Kleivkås som personleg vara for Einar Lutro
Torill S. Nyborg som personleg vara for Magnar Lussand
Atle Kvåle som personleg vara for Astrid F. Selsvold
Dagfinn Vik som personleg vara for Elisabeth E. Tharaldsen

Frå Bergen Kommune:

Anne Gine Hestetun som personleg vara for Hans Edv. Seim

Frå Voss og Hardanger:

Anved Johan Tveit som personleg vara for Gunn Berit Lunde Aarvik
Hans Petter Thorbjørnsen som personleg vara for Solfrid Borge

Krav om likestilling mellom kjønna er dermed ivareteke i styret.

Aktivitet i meldingsåret

2015 var det andre heile driftsåret for brua, og med det oversikt over trafikkutvikling så langt. Styret har vedteke å leggja trafikkprognosen til Statens vegvesen på gjennomsnittleg 1950 køyretøy pr. dag heile året til grunn, sjølv om den er optimistisk. Resultatet viser at vi oppnår 89 % av prognosen. Styret meiner likevel det er for tidleg å trekkja konklusjon med omsyn til ei nedbetalingstid på 15 år. Mange bompengeprojekt har slite med økonomien i opningsåra, men likevel blitt nedbetalt før tida. Styret føl utviklinga frametter nøye månad for månad.

Elles har styret arbeidd med å etterkoma dei pålegg eigarane vedtok ved selskapskontroll.

Styret har også inngått avtale med Bergen Capital Management om gjeldsforvaltning. I den samanheng har også styret vedteke finansreglement.

Trafikk

Tabellen nedanfor viser totaltrafikk månad for månad, utrekna pr. døgn og samanlikna med prognose, både i antal og %, samt samanlikning med fjoråret. Årstrafikken enda på 631576 kjt. som er ei auke i høve 2014 på 6,7 % . Som tabellen også viser, er det ei markant auke i trafikken f.o.m. august. Denne trenden ser ut for å halda fram i 2016.

	januar	februar	mars	april	mai	juni	juli	august	september	oktober	november	desember	
Sum	22100	26882	35733	39638	49512	65685	113311	111949	57772	48068	31698	29228	631576
Pr. døgn (ÅDT)	713	960	1153	1321	1597	2190	3655	3611	1926	1551	1057	943	1730
Prognose	1000	1161	1371	1607	1839	2757	4310	3629	2083	1456	1100	1003	1950
Differanse	-287	-201	-218	-286	-242	-568	-655	-18	-157	95	-43	-60	-220
1 %	71 %	83 %	84 %	82 %	87 %	79 %	85 %	100 %	92 %	106 %	96 %	94 %	89 %
Diff. 2014/2015	-2,9 %	11,4 %	22,9 %	-12,4 %	4,5 %	-9,0 %	1,3 %	25,6 %	12,2 %	14,6 %	5,3 %	11,6 %	6,7 %

Økonomi

Rekneskapen for 2015 er ført av Hardanger Økonomiservice AS, Eidfjord som også har sett opp årsrekneskapen. Den viser inntekter for Hardangerbrua A/S for året kr. 98 899 976 og eit driftsresultat kr. 59 028 275. Av dette utgjer styrehonorar og møtegodtgjersla kr. 94 999.

Driftsresultatet blir brukt til å betala renter og skriva ned på innkrevingsretten. Avskrivings-summen vert avpassa slik at årsresultatet blir 0.

Ved årsskiftet utgjorde innkrevingsretten kr. 1 536 742 307. Forskoting av veggen Bu-Brimnes III kr. 42 500 000, ferjekompensasjon kr. 63 200 000, kundefordringar kr. 7 924 233, andre fordringar 11 780 og bankinnskot kr. 54 650 358. Det vil sei sum eigendeler kr. 1 705 028 679.

All kapital er tråd med bompenggeavtalen plassert i ordinære bankkonti.

Forskotsinnbetalte bompengar på ferja Brimnes – Bruravik på kr. 58 439 346 er aktivert som gjeld og blir inntektsførde lineært over innkrevingsperioden på 15 år.

Prosjektleiinga rekvirerte i året ut til saman kr. 75 mill. til brua. Dei totale rekvisisjonane for brua blir dermed pr. 31.12.2015 kr. 2 051 200 000.

Til tilførselsveggen over Bu-plataet vart det i tillegg betalt ut kr. 1,5 mill. Saldo på forskottering til det prosjektet utgjer såleis kr. 72 500 000.

Samla sum har vi i tillegg til tilskot og bompengar dekkja inn med låneopptak i Kommunalbanken på til saman kr. 1,5 mrd. Og KLP Kommunekreditt AS kr. 100 mill.

Hordaland Fylkeskommune stiller garanti for låna.

Selskapet har også inngått ein rentesikring (swapavtale) på fastrente til 4,31 % i DnB NOR som iflg. stortingsproposisjonen. Sikringssummen ved årsskiftet kr. 1 000 739 000 vert redusert kvartalsvis over innkrevingsperioden.

Risikofaktorane i økonomien er endring i trafikktiltala i høve føresetnadane, tap på krav og/eller at gjeldsrentene stig kraftig i komande år. Det er lagt opp til nedbetalingstid på 15 år, men med rett til forlenging til 20 år. I tillegg kan passerings-satsane aukast med inntil 20 %.

Analyse av det økonomiske driftsresultatet vert gjort ved hjelp av eit Excel rekneark med kjente faste og stipulerte variable verdiar. Tendensen så langt er positiv med ein auke i inntektene i 2015 på 8,25 %.

Selskapet sin driftsøkonomi og klare mandat frå fylkestinget i Hordaland og dei andre eigarane, gjer at selskapet har føresetnader for framhald av drifta.

Revisjon

Rekneskapen er revidert av revisor Arild Petersen ved Revisjon Voss.

Miljøverknad

I høve selskapet sin formålsparagraf er oppgåva å syte for at Hardangerbrua blir bygd og betalt. Selskapet har inga produksjon med utslepp til det ytre miljø.

Ymse

Med omsyn til andre økonomiske tilhøve, syner vi til årsoppgjeret som etter styret si oppfatning gjev fullnøyande informasjon om drifta i selskapet og om stoda ved årsskiftet.

Granvin, 11.mai 2016



Einar Lutro
styreleiar



Magnar Lussand
Nestleiar



Astrid Farestveit Selsvold
Styremedlem




Solfrid Borge
Styremedlem



FOR Elistabeth Eide Tharaldsen
Styremedlem



Gunn Berit Lunde Aarvik
Styremedlem



Hans Edvard Seim
Styremedlem

Årsrekneskap 2015 for Hardangerbrua AS

Foretaksnr. 942032757

Utarbeid av:

Hardanger Økonomiservice AS
Autorisert rekneskapsførarselskap
Postboks 40
5786 EIDFJORD
Rekneskapsførarnummer 986173943

Resultatregnskap

	Note	2015	2014
DRIFTSINNTEKTER OG DRIFTSKOSTNADER			
Driftsinntekter			
Passeringsinntekter	1	91 608 853	84 848 979
Annen inntekt	1	7 291 124	6 515 362
Sum driftsinntekter		98 899 976	91 364 340
Driftskostnader			
Lønnskostnad	2	391 426	383 963
Administrasjonskostnader		455 339	332 713
Innkrevingskostnader		3 315 138	3 349 079
Tap på fordringer	10	(563 574)	4 084 348
Avskrivingskostnader	3	36 273 373	20 317 709
Sum driftskostnader		39 871 702	28 467 811
DRIFTSRESULTAT		59 028 275	62 896 529
FINANSINNTEKTER OG FINANSKOSTNADER			
Finansinntekter			
Annen renteinntekt		1 796 565	2 086 544
Sum finansinntekter		1 796 565	2 086 544
Finanskostnader			
Annen rentekostnad	4	60 824 839	64 983 074
Sum finanskostnader		60 824 839	64 983 074
NETTO FINANSPOSTER		(59 028 275)	(62 896 529)
ORDINÆRT RES. FØR SKATTEKOSTNAD		0	0
ÅRSRESULTAT		0	0
OVERFØRINGER OG DISPONERINGER			
Overføringer annen egenkapital		0	0
SUM OVERFØRINGER OG DISPONERINGER		0	0

Balanse pr. 31.12.2015

	Note	31.12.2015	31.12.2014
EIENDELER			
ANLEGGSMIDLER			
Immaterielle eiendeler			
Innkrevingsrett bompenger	3	1 536 742 307	1 498 015 680
Sum immaterielle eiendeler		1 536 742 307	1 498 015 680
Finansielle anleggsmidler			
Andre fordringer	5	105 700 000	138 200 000
Sum finansielle anleggsmidler		105 700 000	138 200 000
SUM ANLEGGSMIDLER		1 642 442 307	1 636 215 680
OMLØPSMIDLER			
Fordringer			
Kundefordringer	10	7 924 233	6 176 524
Andre fordringer		11 780	1 200
Sum fordringer		7 936 013	6 177 724
Bankinnskudd, kontanter o.l.	6	54 650 358	56 146 476
SUM OMLØPSMIDLER		62 586 371	62 324 200
SUM EIENDELER		1 705 028 679	1 698 539 880

Balanse pr. 31.12.2015

	Note	31.12.2015	31.12.2014
EGENKAPITAL OG GJELD			
EGENKAPITAL			
Innskutt egenkapital			
Aksjekapital 15 aksjar à kr 10 000	7	150 000	150 000
Sum innskutt egenkapital		150 000	150 000
Opptjent egenkapital			
Annen egenkapital		21 309 859	21 309 859
Sum opptjent egenkapital		21 309 859	21 309 859
SUM EGENKAPITAL		21 459 859	21 459 859
GJELD			
LANGSIKTIG GJELD			
Avsetning for forpliktelser			
Forskotsinnbetalte bompengar	8	58 439 346	63 065 898
Sum avsetning for forpliktelser		58 439 346	63 065 898
Annen langsiktig gjeld			
Gjeld til kredittinstitusjoner	4	1 600 000 000	1 600 000 000
Sum annen langsiktig gjeld		1 600 000 000	1 600 000 000
SUM LANGSIKTIG GJELD		1 658 439 346	1 663 065 898
KORTSIKTIG GJELD			
Leverandørgjeld		1 765 664	291 516
Skyldig offentlige avgifter		49 726	45 810
Annen kortsiktig gjeld	9	23 314 085	13 676 796
SUM KORTSIKTIG GJELD		25 129 474	14 014 123
SUM GJELD		1 683 568 820	1 677 080 021
SUM EGENKAPITAL OG GJELD		1 705 028 679	1 698 539 880


Lofthus 11. mai 2016


Einar Lutro
styreleiar


Margreth Lussand
nestleiar


Elisabeth Eide Taraldsen
styremedlem


Solfrid Borge
styremedlem


Hans Edvard Seim
styremedlem


Gunn Berit Lunde Aarvik
styremedlem


Astrid Farestveit Selsvold
styremedlem

Noter 2015

Rekneskapsprinsipp:

Årsrekneskapen er sett opp i samsvar med lov og god reknekapsskikk.

Omløpsmidlar og kortsiktig gjeld

Omløpsmidlar og kortsiktig gjeld omfattar normalt postar som fell til betaling innan eitt år etter siste dag i rekneskapsåret. Omløpsmidlar blir vurdert til lågaste verdi av kostpris og antatt verkeleg verdi (Lågaste verdi prinsipp).

Passeringsinntekter og anna inntekt

Passeringer ved bomstasjonen vert inntektsført til verkeleg verdi på passeringstidspunktet som passeringsinntekter. Tilleggsavgifter og eventuelle purregebyrer klassifiserast som anna inntekt. Forskotsbetalingar frå kundar vert balanseført som anna kortsiktig gjeld og først teken til inntekt når kunder vert belasta for passering.

Selskapet har krevd inn førehandsbompengar på ferjestrekningen Brimnes Bruravik. Desse inntektene er å sjå på som forskotsinnbetalingar som skal dekkja framtidige kostnader og vert derfor bokførde som gjeld. Førehandsbompengane vil verte innteksførde over innkrevingsperioden.

Innkrevingskostnader

Som innkrevingskostnader vert bokført kostnader direkte relatert til innkreving av bompengar.

Administrasjonskostnader

Som administrasjonskostnader føres andre driftskostnader som ikkje direkte er knytt til innkreving.

Avviklingskostnader

Det førligg inga vesentlige avviklingskostnader. Statens Vegvesen eig bomstasjonane og har ansvar for å fjerna dei. Øvrige avviklingskostnader for selskapet er uvesentlege.

Noter 2015

Immaterielle egedelar/aktivert innkrevingsrett

Prosjekt og finanskostnader i byggeperioden som overstig mottekne offentlege tilskot blir aktivert under posten aktivert innkrevingsrett. Prosjektkostnader blir utbetalt til Statens Vegvesen som er byggherre og brueigar. Hardangerbrua AS skal finansiera brubygginga.

Hardangerbrua AS har ei avtale med Staten Vegvesen om at selskapet kan krevja inn bompengar i ein periode på 15 år. Frå brua vert teken i bruk skal innkrevingsretten avskrivast over innkrevingsperioden på 15 år.

Jamfør rettleiar for rekneskapsføring i bompengeselskap er det vald ein progressiv avskrivingsmetode som inneber at selskapet nyttar sitt overskot til avskrivning på innkrevingsretten. Dette inneber at ein auker avskrivingsbeløpa i takt med selskapets evne til å nedbetale på lånegjeld.

Fordringer

Det vert føreteke ei skjønsmessig vurdering av tap på fordringsmassen pr. 31.12

Skatt

Selskapet er friteken frå skattlegging då selskapets føremål ikkje er økonomisk vinning for aksjonærene.

Note 1 - Inntekter

	2015	2014
Inntekter lokale autopass avtalar	16 994 220	15 061 350
Inntekter eksterne autopass avtalar	57 798 426	50 779 265
Inntekter utan autopassavtalar	16 816 207	19 008 364
Sum inntekter	91 608 853	84 848 979
Inntektsført forskotsbetalte bompengar	4 626 552	4 626 552
Tilleggsavgifter	2 664 572	1 888 809
Sum andre inntekter	7 291 124	6 515 361
Sum inntekter	98 899 977	91 364 340

Noter 2015

Note 2 - Lønskostnad

Hardangerbrua AS har hatt ein person tilsett i 50 % stiling i heile året.

Spesifikasjon av lønskostnader	I år	I fjor
Løn	353 490	346 743
Arbeidsgjevaravgift	37 936	37 220
Pensjonskostnader	0	0
Anna personalkostnader	0	0
Totalt	391 426	383 963

Ytingar til leiande personar og revisor

Dagleg leiar	304.000
Løn dagleg leiar	254.000
Styregodtgjersle dagleg leiar	50.000
Godtgjersle andre styremedlem	45 000
Bedriftsforsamling	0
Revisjonshonorar:	
Revisjon	18 750
Andre tenester	0
Samla honorar til revisor	18 750

Selskapet er ikkje pliktig til å etablere obligatorisk tenestepensjon for sine tilsette.

Note 3 - Aktivert innkrevingsrett, tildelte tilskot og finanskostnader

	2 015	2014
Overført frå førre år	1 525 027 191	1 584 027 191
Aktiverte utbetalingar SSV	75 000 000	12 000 000
Aktivert netto finans		
Overført til fordring ferjekomp SSV		(71 000 000)
Sum anskaffelseskost innkrevingsrett	1 600 027 191	1 525 027 191
Akkumulert avskrivning 01.01	(27 011 511)	(6 693 802)
Avskrivning innkrevingsrett	(36 273 373)	(20 317 709)
Akkumulerte avskrivningar 31.12	(64 229 156)	(27 011 511)
Bokført verdi innkrevingsrett	1 536 742 307	1 498 015 680

Innkrevingsretten er avskrevet frå bruåpninga 17. august 2013. Det er vald ein progressiv avskrivingsmetode som gjer at avskrivningar vert ført i takt med selskapet evne til å nedbetale lånegjeld.

Noter 2015

Note 4 - Lån frå kreditinstitusjonar og finansielle instrument

Selskapet inngjekk i 2009 ein rentebyteavtale der selskapet betalar 4,31% rente og mottek 3 mnd Nibor. Profilen til denne rentebyteavtalen forusette ein tidlegare byggestart av Hardangerbrua. Virkningen er at selskapet i 2015 har sikra ca 60% av låna på 4,31% rente og har flytande rente på resten. Sikringsandelen vil synke gradvis frå dagens ca 60% til 0% i 2024 då rentebyteavtalen går ut.

Selskapets lån i Kommunalbanken forfell i sin heiltheit i 2028, men selskapet har moglegheit å innbetala avdrag etter ynskje. Selskapets lån i KLP Kommunekreditt forfaller i 2018.

Konto	Bank	Lånesaldo 2013	Rentesats
2243	Kommunalbanken 20110325	1 000 000 000	1,65 %
2244	Kommunalbanken 20120350	270 000 000	1,65 %
2246	Kommunalbanken 20130100	230 000 000	1,65 %
2247	KLP Kommunekreditt AS 20130761	100 000 000	1,52%

Hordaland Fylkeskommune har stilet garanti for lånene.

Note 5 - Andre fordringer på Statens Vegves

Andre fordringer kr 42 500.000 er forskottering av midlar til Statens Vegvesen region Vest til bygging av rv 13 Bulatået. Forskotterte midlar vil bli refundert over Statens vegvesen sitt handlingsprogram for periode 2014-2017, utan kompensasjon for renter.

Forskotterte ferjekompensasjon midlar på kr 63 200 000. Desse vil verte utbetalt i løpet av bompengerperioden på 15 år.

Note 6 - Bankinnskudd, kontanter o.l.

Skattetrekkinnskudd utgjør pr 31.12. i år kr 38 290 og utgjorde pr 31.12. i fjor kr 35 090.

Noter 2015

Note 7 - Aksjekapital

Selskapets aksjekapital består av 15 aksjar pålydande kr 10 000. Alle aksjane har lik stemmerett på generalforsamlinga. Selskapet aksjonærar er:

<i>Aksjonær</i>	<i>Antall</i>	<i>Andel</i>
Hordaland Fylkeskommune	8	53,33 %
Bergen Kommune	1	6,67 %
Eidfjord Kommune	1	6,67 %
Ullensvang Herad	1	6,67 %
Ulvik Herad	1	6,67 %
Kvam Herad	1	6,67 %
Voss Kommune	1	6,67 %
Granvin Herad	1	6,67 %
Sum	15	100,00 %

Note 8 - Forskotsinnbetalte bompengar

Forskotsinnbetalte bompengar vert bokførde som avsetting til forplikting i byggjeperioden. Desse vert inntektsførd lineært over innkrevjingsperioden på 15 år frå 2013 då brua opnar.

Note 9 - Annen kortsiktig gjeld

Posten består av påløpne renter på lån og skyldig løn og forskottsbetalingar knytt til autopassavtalar. Forskottsbetalingar knytt til autopassavtalar er kr 14 306 693.

Note 10 - Tap på fordringer

Kundefordringar består av krav på innbetaling av bompengar. Det er føreteke nedskrive med forventa tap på krav på kr 2 000 000.

Til generalforsamlinga i

Hardangerbrua AS.

Revisors beretning.

Uttalelse om årsrekneskapen.

Vi har revidert årsrekneskapen for **Hardangerbrua AS**, som er samansett av balanse pr. 31. desember 2015, resultatrekneskap som viser eit nullresultat for rekneskapsåret per denne datoen, ei beskriving av vesentlege rekneskapsprinsipp som er nytta, andre noteopplysningar og kontantstraumanalyse.

Styret og dagleg leiar sitt ansvar for årsrekneskapen.

Styret og dagleg leiar er ansvarleg for å utarbeide årsrekneskapen og for at den gir eit rettvisebilete i samsvar med rekneskapslova sine reglar og god rekneskapsskikk i Norge, og for slik intern kontroll som styret og dagleg leiar finn nødvendig for å gjere det mogeleg å utarbeide ein årsrekneskap som ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, korkje som følgje av misleg framferd eller feil.

Revisors oppgåver og plikter.

Oppgåva vår er, på grunnlag av revisjonen vår, å gi uttrykk for ei meining om denne årsrekneskapen. Me har gjennomført revisjonen i samsvar med lov, forskrifter og god revisjonsskikk i Norge, medrekna International Standards on Auditing. Revisjonsstandardene krev at vi etterlever etiske krav og planlegg og gjennomfører revisjonen for å oppnå tryggande sikkerhet for at årsrekneskapen ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon.

Ein revisjon inneber utføring av handlingar for å innhenta revisjonsbevis for beløpa og opplysningane i årsrekneskapen. Dei valde revisjonshandlingane avheng av revisors skjønn, mellom anna vurderinga av risikoane for at årsrekneskapen inneheld vesentleg feilinformasjon, anten det skuldast misleg framferd eller feil. Ved ei slik risikovurdering tar revisor omsyn til den interne kontrollen som er relevant for selskapet si utbeiding av ein årsrekneskap som gir eit rettvisebilete. Føremålet er å utforme revisjonshandlingar som er formålstjenlege etter tilhøva, men ikkje å gi uttrykk for ei meining om effektiviteten av selskapet sin interne kontroll. Ein revisjon omfattar også ei vurdering av om dei rekneskapsprinsippa som er nytta er formålstjenlege og om rekneskapsestimata som er utarbeidd av leinga er rimelege, samt ei vurdering av den samla presentasjonen av årsrekneskapen. Vi meiner at innhenta revisjonsbevis er tilstrekkelege og formålstjenlege som grunnlag for konklusjonen vår.

Konklusjon.

Vi meiner at årsrekneskapen er avgjeven i samsvar med lov og forskrifter og gir eit rettvisebilete av den finansielle stillinga til **Hardangerbrua AS** per 31. desember 2015 og resultat for

rekneskapsåret som vart avslutta per denne datoen i samsvar med rekneskapsloven sine reglar og god rekneskapskikk i Norge.

Uttalelse om andre tilhøve.


Konklusjon om årsmeldinga.

Basert på revisjonen vår av årsrekneskapen slik den er skildra ovanfor meiner vi at opplysningane i årsmeldinga om årsrekneskapen, føresetnaden om at drifta skal halde fram og framlegget om handsaming av resultatet er konsistente med årsrekneskapen og i samsvar med lov og forskrifter.

Konklusjon om registrering og dokumentasjon.

Basert på revisjonen vår av årsrekneskapen slik den er beskriven ovanfor, og kontrollhandlingar vi har funne nødvendige etter internasjonal standard for attestasjonsoppdrag (ISAE) 3000 "Attestasjonsoppdrag som ikkje er revisjon eller forenkla revisorkontroll av historisk finansiell informasjon", meiner vi at leiinga har oppfylt plikta si til å sørge for ordentleg og oversiktleg registrering og dokumentasjon av selskapet sine rekneskapsopplysningar i samsvar med lov og god bokføringskikk i Norge.

Voss, 11 . mai 2016



Arild Petersen
Registrert revisor